



# Prop. 101 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2026 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)

*Tilråding frå Helse- og omsorgsdepartementet 5. juni 2026,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar

#### 1.1 Innleiing

Staten og KS forhandlar med Den norske legeforening, Norsk Psykologforening og dei tre fysioterapeutorganisasjonane Norsk Fysioterapeutforbund, Norsk Manuellterapeutforening og Privatpraktiserende Fysioterapeuters Forbund om endringar i basistilskot, driftstilskot og folke-trygdrefusjonar for legehjelp, psykologhjelp og fysioterapi som sikrar desse gruppene inntektsauke. Det blir i denne proposisjonen fremma nødvendige løyvingsendringar som følge av desse forhandlingane.

#### 1.2 Fastsetting av basistilskot, driftstilskot og takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar

Basistilskot, driftstilskot og takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar blir fastsett for perioden 1. juli til 30. juni påfølgjande år.

Forhandlingane med Den norske legeförening og staten, KS og dei regionale helseføretaka om basistilskot, driftstilskot og takstar tok til 12. mai 2026. Forhandlingane er ikkje avslutta. Budsjettmessige konsekvensar vil difor ikkje fremjast i vårsesjonen. Regjeringa gjer difor framlegg om at det blir gitt fullmakt til å gjere nødvendige endringar i budsjettet som følgje av forhandlingane, samt endre forskrifter. Løyvingssakene vil bli lagt fram for Stortinget seinare.

Forhandlingane mellom fysioterapeutorganisasjonane og staten og KS om driftstilskot og takstar starta 18. mai. Forhandlingane er ikkje avslutta. Budsjettmessige konsekvensar vil difor ikkje fremjast i vårsesjonen. Regjeringa gjer framlegg om at det blir gitt fullmakt til å gjere nødvendige endringar i budsjettet som følgje av forhandlingane, samt endre forskrifter. Løyvingssakene vil bli lagt fram for Stortinget seinare.

Forhandlingane om driftstilskot og takstar mellom Norsk Psykologforening og staten og dei regionale føretaka starta 11. mai. Det blei inngått avtale med psykologføreininga 29. mai.

Endringar i statsbudsjettet 2026 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)

### 1.3 Løyvingsendringar

#### Kap. 2711 Spesialisthelseteneste mv.

##### Post 71 Psykologhjelp

Avtala med psykologforeininga medfører ein auke i honorarinntekta til psykologane tilsvarande 4,7 prosent. Dette gir ein auke i folketrygdas utgifter til refusjonar mv. til psykologane på 14,6 mill. kroner i 2026.

## 2 Andre saker

---

### Oppfølging av oppmodingsvedtak

#### Innføring av profesjonsnøytrale takstar i fastlegeordninga

I samband med Stortingets behandling av Meld. St. 23 (2024–2025) *Fornye, forsterke, forbedre – Framtidens allmennlegetjenester og akuttmedisinske tjenester utenfor sykehus* blei det fatta følgjande vedtak:

##### Vedtak 906

*Stortinget ber regjeringen utrede innføring av profesjonsnøytrale takster i hele fastlegeord-*

*ningen. Utredningen skal foreligge innen mars 2026.*

I tråd med Meld. St. 23 greier Helsedirektoratet ut ny heilskapleg finansieringsmodell for fastlegeordninga. Som oppfølging av Stortingets vedtak har Helsedirektoratet levert ei delutgreiing om profesjonsnøytrale takstar i fastlegeordninga. Utgreiinga viser at korleis pasientbehandling utført av andre helsepersonellgrupper i fastlegekontor bør finansierast, er avhengig av andre sider ved regulering og finansiering av fastlegeordninga. Profesjonsnøytrale takstar må difor sjåast i samanheng med mellom anna arbeidet med ny heilskapleg finansieringsmodell. Regjeringa kjem tilbake til Stortinget på eigna måte.

Helse- og omsorgsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2026 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar).

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

st a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## **Forslag**

### **til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2026 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følge av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)**

#### I

I statsbudsjettet 2026 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
2711		Spesialisthelseteneste mv.	
	71	Psykologhjelp, blir auka med .....	14 600 000

#### II

Stortinget samtykker til at Helse- og omsorgsdepartementet får fullmakt til å gjere endringar i løyvingane til dei regionale helseføretaka, kommunane og trygderefusjonane for legehjelp og fysioterapi frå 1. juli 2026. Endringane vil bli gjort på bakgrunn av forhandlingane med Den norske legeforening og Norsk Fysioterapeutforbund, Norsk Manuellterapeutforening og Privatpraktiserende Fysioterapeuters Forbund.

=====

